



Innst. S. nr. 150

(2002-2003)

Innstilling til Stortinget frå næringskomiteen

Dokument nr. 8:52 (2002-2003)

Innstilling frå næringskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Bendiks H. Arnesen, Reidar Sandal, Asmund Kristoffersen og Karl Eirik Schjøtt-Pedersen om etablering av statlig garanti for driftskreditt til fiskerinæringen

Til Stortinget

SAMANDRAG

Det er betydelige problemer i deler av norsk fiskerinæring. Mottak av fisk er en nødvendig forutsetning for både utøvelsen av selve fisket og for videre bearbeiding. Det meldes nå om flere tilfeller hvor mottak må stoppes som følge av manglende driftskreditt gjennom det private bankvesenet. Inntil 2001 var det en ordning med statsgaranterte fiskelån i Norges Bank. Ordningen ble etablert i 1921. Ordningen ble som helhet avviklet fra 2001. Som et beredskapstiltak for å sikre mottaket av fisk er det nødvendig å etablere tiltak som sikrer tilgang på driftskreditt til fiskerinæringen. Det foreslås derfor en ordning hvor staten stiller garanti for deler av driftskreditten.

Følgende forslag fremmes i dokumentet:

1. Det innføres en ordning med statlig garanti for driftskreditt i fiskerinæringen.
2. Ordningen administreres av Statens nærings- og distriktsutviklingsfond ved at SND gis adgang til å gi slike garantier.
3. Garantirammen for 2003 settes til 200 mill. kroner.
4. Det bevilges 50 mill. kroner til SNDs tapsfond for risikolån på kap. 2420/55.
5. Ordningen trer i kraft straks."

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, leiaren Olav Akselsen, Bendiks H. Arnesen, Grethe Fosslie og Aud Gaundal,

frå Høgre, Silja Ekeland, Ivar Kristiansen og Michael Momyr, frå Framstegspartiet, Øystein Hedstrøm og Lodve Solholm, frå Sosialistisk Venstreparti, Åsa Elvik og Tone Løwe, frå Kristeleg Folkeparti, Rigmor Andersen Eide og Olaf Gjødrem, og frå Senterpartiet, Marit Arnstad, viser til Dokument nr. 8:52 (2002-2003) frå stortingsrepresentantane Bendiks H. Arnesen, Reidar Sandal, Asmund Kristoffersen og Karl Eirik Schjøtt-Pedersen. Komiteen har merka seg at Norges Fiskarlag, Norges Kystfiskarlag, Norges Råfisklag og Norske Sjømatbedrifters Landsforening har stødd forslaget. Komiteen har også merka seg at styret i Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Industri og Eksport har gått mot forslaget.

Komiteen har merka seg at store delar av fiskerinæringa er i ein vanskeleg situasjon i dag. Lågare førstehands- og marknadsprisar, høg kronekurs og rente, usikker råstofftilgang, nedgang i torskebestanden, marknadstilhøve osv. er tilhøve som gir utfordringar i alle ledd i næringa.

Komiteen meiner norsk fiskeindustri står overfor store utfordringar i åra som kjem. Mange har peika på at industrien treng ei omstilling mellom anna mot ei sterkare satsing på ferskt råstoff. Komiteen meiner det er eit mål for Noreg å auke vidareforedlingsgraden av norske fiskeressursar.

Det har i den offentlege debatten rundt Dokument nr. 8:52 (2002-2003) blitt peikt på at denne typen kortsiktige tiltak ikkje er det norsk fiskeindustri treng, men at ein er nøyd til å gjere meir langsiktige grep. Komiteen er samd i at utfordringane for norsk fiskeforedlingsindustri er mange,

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, har vidare merka seg at ei rekke fiskemottak og filetanlegg langs kysten har gått konkurs, mista kjøpetillatinga eller blitt stengde av kontrollverket. Fleirtalet meiner det er grunn for styresmaktene til å over-

våke situasjonen i næringa nøye. Det har i den offentlege debatten blitt etterlyst ei meir aktiv haldning til norsk fiskeforedlingsindustri.

Fleirtalet ber Regjeringa ta initiativ til ei større drøfting med alle impliserte parter om kva tiltak som kan betre forholda.

Fleirtalet meiner likevel ikkje at behovet for ein meir langsiktig strategi hindrar høvet til å gjere kortsiktige grep når behovet er til stades. Fleirtalet ønskjer difor at intensjonen i Dokument nr. 8:52 (2002-2003) blir ivare tatt.

Dei fiskeripolitiske målsetjingane (busetjing, arbeidsplassar, berekraft og lønsemd) er innbyrdes avhengige av kvarandre. Fleirtalet viser til at fiskerinæringa er ei delvis politisk regulert næring. Fleirtalet ønskjer å presisere at fiskerinæringa er ei næring som medverkar vesentleg til Noregs eksportinntekter, og at næringa i dag ikkje er subsidiert. Fiskeforedlingsindustrien medverkar til verdiskaping og busetjing langs kysten, men utviklinga går i dag i feil retning. Fleirtalet har merka seg dei mange konsekvensane av at fiskeforedlingsverksemdar langs kysten blir lagde ned.

Fleirtalet meiner det er problematisk om den generelle situasjonen i fiskerinæringa og utfordringar i bankvesenet gjer at garantikrava blir høgare enn kva som elles ville ha vore tilfelle.

Fleirtalet fremjar på denne bakgrunnen følgjande forslag:

1. Stortinget ber Regjeringa innføre ei ordning med statleg garanti i fiskerinæringa. Ordninga skal administrerast av SND. SND får høve til å gi inntil 50 pst. garanti.
2. Garantiramma skal setjast til kr 200 000 000. Kr 50 000 000 vert løyvd over SND sitt tapsfond, kap. 2420/55.
3. Ordninga tek til å gjelde straks."

Fleirtalet presiserer at ordninga skal vere geografisk uavgrensa, og at garantiar berre skal gjevast til kredittverdige verksemdar. Fleirtalet viser til at statsråd Svein Ludvigsen i brev til komiteen datert 14. februar 2003 (lagt ved innstillinga) skriv:

"Departementet kan ikke umiddelbart se at forslaget skulle være problematisk i forhold til Protokoll 9, men tar forbehold om at det eventuelt må tas kontakt med Europakommisjonen for nærmere avklaring."

Fleirtalet er av den oppfatning at forslaget ikkje er i strid med EØS-avtala, og ber Regjeringa gjere nødvendige avklaringar i så måte.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti deler forslagsstillernes synspunkt i deres beskrivelse av den vanskelige situasjonen store deler av den norske fiskeindustrien befinner seg i. Samtidig må det understrekes hvor sammensatt bakgrunnen for denne situasjonen er med sterk kronekurs, høyt rentenivå og generelt høyere produksjonskostnader enn hos konkur-

renter i andre land. Dette kombinert med økt konkurranse om råstoffet og et lite kjøpevillig marked gjør at mange aktører er i en vanskelig situasjon. Dette vil for enkelte gi seg utslag i manglende likviditet og midlertidig kjøpestopp.

Disse medlemmer er likevel av den oppfatning at en av de grunnleggende årsakene til dagens vanskelige situasjon i fiskeindustrien er at det ikke er samsvar mellom tilgjengelig råstoffmengde og kapasitet i industrien. En konsekvens av dette er at industrien har for lite råstoff tilgjengelig for å oppnå en lønnsom produksjon. Disse medlemmer er av den oppfatning at dersom man skal få industrien opp på fote igjen, må kapasiteten tilpasses og råstoffet spres mest mulig ut over året for å gi en jevnere produksjon. Disse medlemmer er også av den oppfatning at dersom vi skal forutsette at kreditt gis de bedrifter som er kredittverdige, men som likevel ikke oppnår lån i private banker, vil dette være en inkonsistens i seg selv. Det vil da kunne fremkomme som om det er usikkerhet forbundet med i hvilken grad en videreføring av virksomheten i det hele tatt vil bidra til en positiv inntjening for bedriften. Nødvendige garantiordninger for fiskeindustrien må først og fremst gis av våre kredittinstitusjoner. Disse medlemmer mener derfor dette kun vil fremstå som en kortsiktig løsning som ikke vil bidra til å løse de langsiktige utfordringene næringen står overfor.

Disse medlemmer viser også til at næringen ikke entydig omfavner forslaget om etablering av driftskreditt fordi den vanskelige situasjonen i stedet bør brukes til å strukturere næringen. Det vil også være usikkerhet rundt hvilke utslåttede konsekvenser en slik ordning vil kunne få i tillegg til at ytterligere driftskreditt vil kunne øke næringens gjeldsbelastning ytterligere. Dette medfører at tiltak som bidrar til ytterligere overfiske ikke nødvendigvis vil bidra til bedret lønnsomhet.

Disse medlemmer er også av den oppfatning at en slik ordning det her er snakk om vil kunne være konkurransevridende overfor de bedrifter som ikke har behov for støtte og overfor EU-markedet.

Disse medlemmer vil på denne bakgrunn avvise forslagene i Dokument nr. 8:52 (2002-2003) om etablering av statlig garanti for driftskreditt til fiskerinæringen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener at krisen i fiskerinæringen viser at dagens politikk overfor fiskerinæringen inneholder store mangler. Den krisen som nå er innen fiskeriindustrien må påkalle oppmerksomhet fra politisk hold og fremkalle nye politiske løsninger som fører til at Norge kan beholde noe av fiskeriindustrien som fortsatt er igjen. Etter disse medlemmers oppfatning bidrar dagens regime med råfisklov og deltakerlov til å svekke råvaretilgangen til industrien. Disse medlemmer mener derfor at både råfiskloven og deltakerloven må liberaliseres. Det må derfor vurderes om industrien bør få tilgang på konsesjoner, slik at den enkelte bedrift får kontroll på egen råvaretilgang. Disse medlemmer

ber derfor Regjeringen om å vurdere dette under behandlingen av den pågående krisen og under gjennomgang av lovgivningen på fiskeriområdet.

FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti:

Dokument nr. 8:52 (2002-2003) - forslag fra stortingsrepresentantene Bendiks H. Arnesen, Reidar Sandal, Asmund Kristoffersen og Karl Eirik Schjøtt-Pedersen om etablering av statlig garanti for driftstilskudd til fiskerinæringen - vert å avvise.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I

1. Stortinget ber Regjeringa innføre ei ordning med statleg garanti i fiskerinæringa. Ordninga skal administrerast av SND. SND får høve til å gi inntil 50 pst. garanti.
2. Garantiramma skal setjast til kr 200 000 000. Kr 50 000 000 vert løyvd over SND sitt tapsfond, kap. 2420/55.
3. Ordninga tek til å gjelde straks.

II

Dokument nr. 8:52 (2002-2003) - forslag fra stortingsrepresentantene Bendiks H. Arnesen, Reidar Sandal, Asmund Kristoffersen og Karl Eirik Schjøtt-Pedersen om etablering av statlig garanti for driftstilskudd til fiskerinæringen - vert å leggje ved protokollen.

Oslo, i næringskomiteen, den 27. februar 2003

Olav Akselsen
leiar

Åsa Elvik
ordførar

Ivar Kristiansen
sekretær

Vedlegg

Brev fra Fiskeridepartementet v/statsråden til næringskomiteen, datert 14. februar 2003

Dokument 8:52 (2002-2003)

Jeg viser til brev fra Stortingets næringskomité av 5. februar 2003 hvor det fremgår at komiteen har til behandling forslag fra stortingsrepresentantene Bendiks H. Arnesen, Reidar Sandal, Asmund Kristoffersen og Karl Eirik Schjøtt-Pedersen om etablering av statlig garanti for driftstilskudd til fiskerinæringen - Dokument nr. 8:52 (2002-2003).

Næringskomiteen har bedt om Fiskeridepartementets vurdering av nevnte forslag.

Jeg vil først understreke at jeg deler den bekymringen nevnte representanter gir uttrykk for mht den vanskelige situasjonen store deler av den norske fiskeindustrien befinner seg i. For mange aktører var 2002 et vanskelig år og for noen ble konkurs utfallet. Bakgrunnen for situasjonen er sammensatt og viktige elementer er sterk kronekurs, høyt rentenivå og generelt høyere produksjonskostnader enn hos konkurrenter i andre land. Dette kombinert med økt konkurranse om råstoffet og et lite kjøpevillig marked gjør at mange aktører er i en vanskelig situasjon. For enkelte vil det kunne gi seg utslag i manglende likviditet og midlertidig kjøpestopp.

De generelle rammevilkårene skifter over tid. Imidlertid er en av de grunnleggende årsakene til dagens vanskelige situasjon i fiskeindustrien at det ikke er samsvar mellom tilgjengelig råstoffmengde og kapasiteten i industrien. En konsekvens av dette er at industrien har for lite råstoff tilgjengelig for å oppnå en lønnsom produksjon, og medfølgende priskonkurranse om råstoffet mellom bedriftene. Skal industrien igjen oppnå lønnsomhet må kapasiteten tilpasses og råstoffet må spres mest mulig ut over året for å gi en jevnere produksjon. En statlig garantiordning for driftstilskudd vil kunne bidra til at tilpasningen av produksjonskapasiteten til ressursgrunnlaget skyves ytterligere frem i tid.

Etter de opplysninger som departementet har fått, er det svært få bedrifter som ikke har fått innvilget kassakreditt til årets kjøp/produksjon av fisk. Det er også viktig å påpeke at det finnes eksempler på bedrifter som satser og lykkes, selv i dagens vanskelige situasjon. Felles for disse ser ut til å være fokus på markedet, og videre på rasjonalisering bl.a. ved at ny teknologi tas i bruk, økt fokus på kompetanse og ved økt utnyttelse av biprodukter. Vi registrerer også at flere fartøy allerede har fisket sin tildelte kvote og at industrien spesielt i Lofoten er bekymret for at den ikke skal få tilstrekkelig råstoff til årets produksjon.

Forslaget fra stortingsrepresentantene Arnesen, Sandal, Kristoffersen og Schjøtt-Pedersen forutsetter at

kreditt gis til de bedrifter som er kredittverdige, men som likevel ikke oppnår lån i private banker. Dersom private banker vurderer situasjonen slik at de stopper eller ikke øker driftskredittrammer, så vil jeg tro at det skyldes usikkerhet om i hvilken grad fortsatt virksomhet vil bidra til en positiv inntjening for bedriften. En ordning slik den er foreslått av stortingsrepresentantene vil da ikke gjøre noe med årsaken til problemene for industrien, men kun ha betydning i en overgangsfase for enkelte av dem. En statlig garantiordning vil også kunne bidra til at bankene reduserer sitt ansvar, enten ved å redusere eller stoppe bedriftens kassakreditt slik at bedriften dermed må nyttegjøre seg av den statlige garantiordningen.

Når det gjelder forholdet til EØS-avtalen er utgangspunktet at det ikke foreligger et felles regelverk for statsstøtte i fiskerisektoren. Protokoll 9 til EØS-avtalen fastsetter at statsstøtte som vrir konkurransen skal avskaffes. Av felleserklæring til protokollen følger det at en mulig vridning av konkurransen skal vurderes i forhold til EUs eget regelverk for statsstøtte i fiskerisektoren. Departementet kan ikke umiddelbart se at forslaget skulle være problematisk i forhold til Protokoll 9, men tar forbehold om at det eventuelt må tas kontakt med Europakommisjonen for nærmere avklaring. Det kan foreligge et usikkerhetsmoment i forhold til beskyttelsestiltak fra EUs side som følge av en eventuell subsidiesak mot Norge. Erfaringene fra laksesektoren viser at EU i slike saker legger WTO-regelverket til grunn, og ikke Protokoll 9.

Til orientering kan det opplyses at styret i Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening - industri og eksport (FHL) 5. februar 2003 vedtok at: "Styret ønsker ikke at det innføres ordninger med statlige garantier til råstoffinnkjøp." Styrets hovedbegrunnelse for et slikt vedtak er at de ikke ser noen hensikt med å innføre kortsiktige tiltak, som ikke vil bidra til å løse de langsiktige utfordringer som norsk fiskeindustri står overfor. Dette synet støtter også styret i Unidos AL (organiserer produsenter og eksportører av klippfisk og saltfisk).

Avslutningsvis kan jeg opplyse at departementet den 4. februar avviklet et møte med Norges Fiskarlag, salgslagene og FHL. På dette møtet oppfordret departementet partene til å vurdere bruk av de virkemidler de besitter. Særlig vil dette være relevant for salgslagene. Jeg legger imidlertid til grunn at samtlige involverte parter samarbeider for å etablere løsninger som kan avhjelpe situasjonen.